

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 18.03. 2021.

Innkalt av: Leiar Bente Aase Duckett.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Bente Aase Duckett, Tor Magne Gramstad, Ketil Simonsen, Elisabeth Førland, Siv Sonja Tysvær, Anne Birgitte Dyrnes, og Hans Hodne.

Sak ein; Nytt styre. Siv og Anne birgitte er nye i styret. Presentasjon av arbeidsinstrukser, fordeling av oppgåver. Nettansvarlege vert Bente og Tor Magne. Styret kommuniserer utenom møtene via epost og styrets Facebookgruppe. Facebook er best til raske kommentarer og enkle spørsmål, ellers epost.

Sak to; referat frå siste møte; Godkjent.

Sak tri; Hovedutstillinga på Orre. Dommarar vert Børge Espeland og Stig Arne Kjellevoll. Avgjerda om kor vidt ein kan nytta utanlandske dommarar er rett nok framleis ikkje teken, det vil verta endeleg avgjort på datoen for RS. Dog ikkje av RS. Me er samstundes svært så avventande til om det i det heile vert mogleg, for ikkje å sei lovleg, å arrangere utstilling i mai. Foreløpig held me på at det vil la seg gjennomføra, men me ynskjer ein plan B. I den samanheng vil me gjerne ha moglegheita for å arrangera i september, om alt skulle gå galt. Dette er i dialog med hovudstyret. Me ser og på kvar me eventuelt kan arrangera utstilling i september. Tor Magne undersøker om samfunnshuset på Høle kan nyttast.

Sak fire; Aktivitetsplan. -Vårens lydighetskurs med Anita som instruktør vart raskt fullteikna. Introkursa er planlagde og alt er på plass. -Sosialtreff på Sviland starta opp den syttande, og oppmøtet av både folk og spaniels var overveldande. -Utstillingstrening startar opp nå, og vil gå anna kvar veke på Sviland, klokka sytten til atten. Sosialtreff etterpå. -Agilitykurs er under planlegging. -Blodspor kurs vert den nittande og tjuande juni, i Brekko. Instruktørar; Aina og Sylvelin. -Nybyrjar jaktkurs; Astrid er forespurt nå, men har foreløpig ikkje gitt svar. Me vonar det vert mogleg å få til noko.

Sak fem; RS. Me skulle gjerne hatt dokumenta nå, for ein gjennomgang i styret. Men det har me ikkje fått. Ikkje minst lurer me litt på økonomien til hovudstyret.... Dette vert heilt sikkert ein sak når RS kjem i gang. (Digitalt i år, sjølv sagt.)

Andre saker/Eventuelt; Horve er booket, til jaktanleggsprøvar/Apportprøvar, og familiedag. JAL dommar; Anders Brunvoll. Jaktprøve november/desember; Arnstein Bråthen, Jaktprøve i Sokndal; Inge Bergland og Tor Magne Gramstad. Jaktprøve i Ølen; Anders Brunvoll.

Neste møte torsdag sjettemai, heime hjå Bente.